

Innst. S. nr. 60.

(1998-99)

Innstilling fra næringskomiteen om endringer av løyvingar på statsbudsjettet for 1998 under Nærings- og handelsdepartementet.

St.prp. nr. 9 (1998-99).

Til Stortinget.

SAMMENDRAG

I proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram ein del ulike endringsforslag på statsbudsjettet for 1998.

Kap. 920 Noregs forskingsråd

Stortinget har gjennom fleire år ved handsaming av statsbudsjettet gitt Nærings- og handelsdepartementet særskild fullmakt til å gi tilsegn til Institutt for energiteknikk (IFE) om dekking av forsikringsansvar for inn-til 600mill. Special Drawing Rights (SDR) ovanfor tredjeperson ved uhell ved instituttet sine atomreaktorar.

Regjeringa gjer framlegg om å utvide fullmakta for 1998 til også å gjelde Kombinert lager/deponi for lågt og middels radioaktivt avfall i Himdalen (KLDRA Himdalen) og førebels lagring av atomavfall ved IFE sitt anlegg på Kjeller som skal transporterast til KLDRA Himdalen.

Den utvida fullmakta for 1998 er innanfor same beløpsgrense som tidlegare (600mill. SDR) og i samsvar med atomenergilova, jf. Forslag til vedtak II i denne proposisjonen.

Kap. 923 Forskings- og utviklingskontraktar

Departementet gjer framlegg om ein reduksjon på 5,70mill. kroner som inndekking av tilsvarende auka løyving under kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, post 51.

Kap. 955 (Nytt) Norsk Koksverk

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 300mill. kroner som refusjon for utførte miljøtiltak på statsbudsjettet 1998 under nytt kap. 955 Norsk Koksverk, post 71 Refusjon for miljøtiltak.

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å auke garantiramma for miljøtiltak på Koksverktomta

med ytterlegare inntil 400mill. kroner til 2200mill. kroner.

Kap. 966 Støtte til skipsbygging

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 966 Støtte til skipsbygging, post 50 Overføring til fond for støtte ved skipskontraktar, med 104000mill. kroner, frå 515 til 109150mill. kroner på statsbudsjettet for 1998.

Kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga under kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, post 51 Tapsfond for lån innvilga i budsjetterminen, blir auka med 5,70mill. kroner frå 53 til 58,70mill. kroner.

Samanlikna med vedtatt budsjett for 1998 gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga til innlån til SND si grunnfinansieringsordning under kap. 2420, post 90, med 1000mill. kroner, frå 26,3 til 26,20mrd. kroner. Det vert gjort framlegg om at innlån til SND si risikolåneordning under kap. 2420, post 91, vert redusert med 1500mill. kroner, frå 5,7 til 5,55mrd. kroner. Vidare vert det gjort framlegg om at innlån til SND si lågrisikolåneordning under kap. 2420, post 94, vert redusert med 4200mill. kroner, frå 700 til 2800mill. kroner. Årsaka til dette er at det tok lang tid frå tilsegn vart inngått til utlånsvolumet for lågrisikolåneordninga tok seg opp.

Kap. 3967 (Nytt) Norsk Jetmotor a.s.

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om ei inntektsløyving på 140,80mill. kroner på statsbudsjettet 1998 knytt til salet av staten sin aksjepost i Norsk Jetmotor a.s. Det vert gjort framlegg om at løyvinga vert fordelt med 103,30mill. kroner under nytt

kap. 3967 Norsk Jetmotor a.s., post 90 Sal av aksjar og 37,5ϐmill. kroner under post 91 Tilbakebetaling av ansvarleg lån.

Kap. 5309 Tilfeldige inntekter

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å stryke dei tidlegare oppførte inntektene frå aksjesal i selskapet på statsbudsjettet 1998 ved å redusere løyvingane under kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 80 Gevinst ved sal av aksjar i Norsk Vekst ASA, med 318,4ϐmill. kroner til 0ϐkroner og post 90 Sal av aksjar, med 1,6 mill. kroner til kr 0.

Kap. 5320 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til avdrag frå SND si grunnfinansieringsordning under kap. 5320, post 90 med 200ϐmill. kroner, frå 26,7 til 36,9ϐmrd. kroner. Avdrag frå SND si risikolåneordning under kap. 5320, post 91 foreslås redusert med 147ϐmill. kroner, frå 5ϐ750 til 5ϐ603ϐmill. kroner. Vidare vert det gjort framlegg om at avdrag frå SND si lågrisikolåneordning under kap.

5320, post 92 vert redusert med 235ϐmill. kroner, frå 400 til 165ϐmill. kroner.

Kap. 5620 Renter og utbytte frå Statens nærings- og distriktsutviklingsfond

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om at renteinntekta frå innlån til grunnfinansieringsordninga løyvd under kap. 5620, post 80 blir auka med 70ϐmill. kroner, frå 330 til 400ϐmill. kroner. Det vert gjort framlegg om at renteinntekta frå innlån til risikolåneordninga under kap. 5620, post 81 vert auka med 3ϐmill. kroner, frå 50 til 53ϐmill. kroner. Vidare vert det gjort framlegg om at renteinntekta frå lågrisikolåneordninga under kap. 5620, post 82 vert redusert med 5,1ϐmill. kroner, frå 8,6 til 3,5ϐmill. kroner.

Overdraging av tomteareal m.m. frå Sydvaranger ASA til Sør-Varanger kommune

Nærings- og handelsdepartementet går inn for at tomteareala og Savio-bileta som Sydvaranger ASA eig, kan overdragast til Sør-Varanger kommune innan utgangen av 1998. Oppgjeret for overdraginga vil finne stad i løpet av 1999.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I.

På statsbudsjettet for 1998 gjøres følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter:			
923	70	Forskings- og utviklingskontraktar Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	5ϐ700ϐ000
		frå krϐ162ϐ800ϐ000 til krϐ157ϐ100ϐ000	
955(Nytt)	71	Norsk Koksverk Refusjon for miljøtiltak, blir løyvd med	30ϐ000ϐ000
966	50	Støtte til skipsbygging Overføring til fond for støtte ved skipskontraktar, blir auka med	1ϐ400ϐ000
		frå krϐ515ϐ000ϐ000 til krϐ1ϐ915ϐ000ϐ000	
2420	51	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond Tapsfond for lån innvilga i budsjetterminen, blir auka med	5ϐ700ϐ000
		frå krϐ53ϐ000ϐ000 til krϐ58ϐ700ϐ000	
	90	Lån til grunnfinansieringsordninga, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	100ϐ000ϐ000
		frå krϐ26ϐ300 000ϐ000 til krϐ26ϐ200ϐ000ϐ000	
	91	Lån til risikolåneordninga, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	150ϐ000ϐ000
		frå krϐ5ϐ700ϐ000ϐ000 til krϐ5ϐ550ϐ000ϐ000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	94	Lån til lågrisikolåneordninga, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 700 000 000 til kr 280 000 000	<u>420 000 000</u>
Inntekter:			
3967(Nytt)		Norsk Jetmotor a.s.	
	90	Sal av aksjar, blir løyvd med	<u>103 300 000</u>
	91	Tilbakebetaling av ansvarleg lån, blir løyvd med	<u>37 500 000</u>
5309		Tilfeldige inntekter	
	80	Gevinst ved sal av aksjar i Norsk Vekst ASA, blir redusert med frå kr 318 400 000 til kr 0	<u>318 400 000</u>
	90	Sal av aksjar, blir redusert med frå kr 1 600 000 til kr 0	<u>1 600 000</u>
5320		Statens nærings- og distriktsutviklingsfond	
	90	Avdrag på utestående fordringar, grunnfinansieringsordninga, blir auk med frå kr 26 700 000 til kr 26 900 000	<u>200 000 000</u>
	91	Avdrag på utestående fordringar, risikolåne- ordninga, blir redusert med frå kr 5 750 000 000 til kr 5 603 000 000	<u>147 000 000</u>
	92	Avdrag på utestående fordringar, lågrisiko- låneordninga, blir redusert med frå kr 400 000 000 til kr 165 000 000	<u>235 000 000</u>
5620		Renter og utbytte frå Statens nærings- og distriktsutviklingsfond	
	80	Renter, grunnfinansieringsordninga, blir auk med frå kr 330 000 000 til kr 400 000 000	<u>70 000 000</u>
	81	Renter, risikolåneordninga, blir auk med frå kr 50 000 000 til kr 53 000 000	<u>3 000 000</u>
	82	Renter, lågrisikolåneordninga, blir redusert med frå kr 8 600 000 til kr 3 500 000	<u>5 100 000</u>

II.

Stortingets vedtak av 8. desember 1997 om dekking av forsikringstilfelle endres til:

Dekking av forsikringstilfelle

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og handelsdepartementet i 1998 kan gi tilsegn til Institutt for energiteknikk og Statsbygg om dekking av forsikringsansvar for inntil 60 000 000 spesielle trekkrettigheter (SDR) ovanfor tredjeperson for instituttet og Statsbygg sitt

ansvar etter lov av 12. mai 1972 nr. 28 om atomenergiverksemde kapittel III.

III.

Utviding av miljøfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og handelsdepartementet kan gi tilsegn om refusjon for pålagte miljøtiltak på tomte til tidlegare Norsk Koksverk A/S for inntil 40 mill. kroner utover tidlegare gitt garanti-ramme på 180 mill. kroner.

Oslo, i næringskomiteen, den 3. desember 1998.

Odd Roger Enoksen,
leder.

Mimmi Bævi,
ordfører.

Kjell Opseth,
sekretær.